AUSTEVOLL

Folkehelseoversikt 2020-2024 – statistikk og utviklingstrekk

INNHALD

INNLEIING..... **3**

FORKLARING AV STATISTIKKGRUNNLAGET..... ***7***

OPPSUMMERING..... **9**

1 BEFOLKNINGSSAMANSETNING..... **10**

2 OPPVEKST OG LEVEKÅRSFOHALD..... **25**

Barnehage..... 26

Grunnskule..... 30

Vidaregåande skule..... 41

Barnevern..... 43

Arbeid..... 48

Sjukefråvær..... 55

Bustad..... 60

Økonomi..... 68

3 FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ..... ***77***

Fysisk miljø..... 78

Kjemisk og biologisk miljø..... 86

Sosialt miljø..... 91

4 SKADAR OG ULUKKER..... **98**

5 HELSERELATERT ÅTFERD..... **102**

6 HELSETILSTAND..... **112**

FOLKEHELSEPROFIL 2020..... **127**

KJELDER..... **129**

INNLEIING

Kva er ein folkehelserapport, og kva skal den seia noko om?

I følgje Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) skal kommunen fremja folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt. Blant anna skal kommunen etter §5 ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne. Oversikta skal vera skriftleg og identifisera folkehelseutfordringane i kommunen, herunder vurdera konsekvensar og årsaksforhold (Folkehelseloven, 2011).

Formålet med rapporten er at ein ut frå kunnskapsbasert datagrunnlag kan planleggja konkrete og effektive tiltak for å fremje helsa til befolkninga. Rapporten skal gje oss kunnskap om folkehelsa og levekår i Austevoll slik at me veit kva helseutfordringar som er spesifikke for kommunen, og slik danna grunnlag for diskusjonen om korleis me kan løysa dei. Kva trekk ved utviklinga skil seg ut for Austevoll?

Oversikta skal blant anna vera basert på:

a) opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
b) kunnskap frå de kommunale helse- og omsorgstenestene
c) kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan påverka befolkninga si helse (Folkehelseloven, 2011).

Oversiktsdokumentet skal ligga til grunn for kommunen sitt langsiktige folkehelsearbeid. Det skal vera med å danna grunnlag for arbeid med kommunal planstrategi, gje grunnlag for utarbeiding av andre kommunale planar, gje større forståing for årsakssamanhengar, støtta opp under lokale ressursar og fremja eit heilskapleg planarbeid (Helsedirektoratet, 2017).



Kva påverkar helsa vår?

OsloMet har utarbeidd ein modell som viser «laga» eller «dimensjonane» av forhold som verkar inn på helsa. Den inste sirkelen tek føre seg påverknadsfaktorar som er grunnleggande for helsa. Ei rekke føresetnader for utvikling blir lagt allereie i mor sitt liv. Me er prisgitte den familien me vert fødd inn i, og dei oppvekstvilkåra som følger med, som bustad, nærmiljø, skule og vener. Dei vilkåra me veks opp i dannar grunnlaget for resten av livet, kva kunnskap me klarar å tileigne oss, val av fritidsaktivitetar, utdanning og levevanar. Det spelar òg inn på kva inntekt og arbeid me får, og kva bustadområde me bur i. Vidare spelar det inn på kva vilkår ein som føresette kan gje barna. Personlegdom, individuelle styrkar og svakheiter er ulikt fordelt, det er ikkje vist at desse er knytt til foreldre sin bakgrunn. Kvar av oss operera innanfor rammene av eige liv. Livsvilkår er i denne samanheng individet sine moglegheiter for å kunne utnytte sitt potensial. Graden av heilskapleg tenking i sirklane rundt individet er med på å bestemme i kva grad dette potensialet vert nådd (Folkehelseoversikt for Vestland, 2019-2023).

Korleis «målar» me status på folkehelsa i Austevoll kommune?

Noreg har slutta seg til dei 17 berekraftsmåla til FN (FN, 2020). Dette er globale mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Det bør difor vera eit mål for Austevoll kommune , med utgangspunkt i dei statistikkane me har og strekka oss etter å nå desse måla. Både med tanke på folkehelse i kommunen, men også med tanke på korleis handlingane våre påverkar landet elles. Utviklinga i kommunen vår vil seia noko om me går i positiv eller negativ retning. Statistikken i folkehelserapporten er såleis eit grunnlag for dei vidare drøftingane: Kva er årsaka til at det er slik hos oss? Kva vil konsekvensen for innbyggjarane vera, og kva har dette å sei for kommunen vår?

Berekraftsmåla til FN	
	Mål 1 tek sikte på å utrydde alle formar for fattigdom. Fattigdom kan definerast på ulike måtar med tanke på sosiale og materielle manglar, det vil seie relativ fattigdom. I Noreg har vi ikkje ein nasjonal definisjon på fattigdom.
	Mål 2 tek sikte på å utrydde svolt, oppnå mattryggleik, betre ernæring og eit berekraftig landbruk, fiskeri og havbruk. Om det blir forvalta på rett måte kan landbruk gi næringsrik mat til alle og samtidig vere ei inntektskjelde.
	Mål 3 tek sikte på å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Her vil førebyggande arbeid innan somatisk helse og arbeid for å auke levealder vere viktig, slik at alle kan leve friske og sunne liv.
	Mål 4 tek sikte på å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning, samt fremje mogelegheiter for livslang læring for alle. Ei god utdanning er ein viktig faktor, og legg grunnlaget for å forbetre menneskjer sitt liv.
	Mål 5 tek sikte på å oppnå likestilling og å styrke jenters og kvinners stilling. Vidare er det mål om å gjere slutt på alle former for diskriminering. Alle menneske skal ha like rettar og moglegheit til å bestemme over eigne liv.
	Mål 6 tek sikte på å sikre berekraftig vassforvalting og tilgang til vatn og gode sanitærtilhøve for alle. Ferskvassressursane må forvaltast på rett måte, slik at alle har naudsynte mengder.
	Mål 7 tek sikte på å ha tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris. Tilgang på energi er sentralt for jobbar, samfunnstryggleik, klimaendringar og matproduksjon.

	Mål 8 tek sikte på å fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, i tillegg til full sysselsetting og anstendig arbeid for alle. Det er viktig å skape gode arbeidsplassar for alle.
	Mål 9 tek sikte på å byggje ein robust infrastruktur, fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon. Teknologi og innovasjon kan bidra til å løyse miljømessige utfordringar i framtida.
	Mål 10 tek sikte på å redusere ulikskap i- og mellom land, og samtidig utjamne sosiale forskjellar. Dette mellom anna ved å fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering utan omsyn til alder, kjønn, rase, etnisitet, nasjonalitet, religion eller økonomisk og annan status.
	Mål 11 tek sikte på å gjere byar, tettstadar og bumiljø inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Her vil helse, tryggleik, infrastruktur og klima vere viktige faktorar.
	Mål 12 tek sikte på å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster. Me må betre utnytte ressursane og minimere påverknaden på miljø og klima. Dette vil minke ressursbruk, miljøøydelegging og klimagassutslepp.
	Mål 13 tek sikte på å handle umiddelbart for å avgrense klimaendringane og konsekvensane av dei. Dette inneber både utsleppsreduksjon og å tilpasse seg for å styrke evna til å stå mot klimarelaterte farar og naturkatastrofar.
	Mål 14 tek sikte på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Havet har ei nøkkelrolle for regn, drikkevatn, vær, klima og mykje av maten vår. I tillegg byr det på moglegheiter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst.
	Mål 15 tek sikte på å verne, oppattrette og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvalting, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.
	Mål 16 tek sikte på å fremje fredelege og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.
	Mål 17 tek sikte på å styrke gjennomføringsmidlane å fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling. Samarbeid og partnarskap på tvers i samfunnet er viktig for å oppnå berekraftig utvikling.

FORKLARING AV STATISTIKKGRUNNLAGET

Ut frå rettleiarar frå Hordaland fylkeskommune og Helsedirektoratet er det samla inn statistikk som skal kunne sei noko om status på folkehelsa i Austevoll kommune.

Rapporten visar:
1. Status for Austevoll i dag og utviklinga tilbake i tid. Der det finst grunnlag for samanlikning med landsgjennomsnittet , fylkesgjennomsnittet og eventuelt KOSTRA-gruppe er desse lagt ved. Me vil altså veta om me ligg betre an enn landssnittet i dag, og om me er i ei positiv utvikling eller ikkje.

2. For kvart kapittel (og underkapittel) kjem det ei oppsummering av statistikken først. Her kan ein sjå status og utvikling (om den går den i positiv eller negativ retning). Det er brukt både tekst og fargekodar. Om det står «færre» betyr det at me har av «færre av noko». Fargekodane er grøn, raud, gul og grå:

- Grøn vert brukt om me ligg betre an enn landssnittet, eller om utviklinga er positiv.
- Raudt vert brukt om me klart ligg dårlegare an enn landssnittet, eller om utviklinga er klart negativ.
- Oransje vert brukt om me ligg likt med landssnittet, om me berre ligg litt lågare/høgare eller om utviklinga variera eller er stabil (ikkje positiv eller negativ).
- Grå vert brukt når det det ikkje er tydeleg at status er verken positiv eller negativ eller nøytral.

Med statistikken som utgangspunkt skal me skapa gode samtalar rundt spørsmål som: Kva er status for Austevoll kommune og korleis er utviklinga? Stemmer statistikken? Finst det andre statistikkar me burde tatt med? Kva trekk ved utviklinga skil seg ut for Austevoll? Kva er årsaka til at det er slik hos oss? Kva vil konsekvensen for innbyggjarane vera? Og kva har dette å sei for kommunen vår? Desse spørsmåla blir svar på under kvar oppsummeringstabell.

Krav til innhald i oversikta etter *Forskrift om oversikt over folkehelsa §3. 2012* Oversikta skal omfatte opplysningar om og vurderingar av:

a) befolkningssamansetning

b) oppvekst- og levekårsforhold

c) fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

d) skader og ulykker

e) helserelatert åtferd

f) helsetilstand

Utfordringar i arbeidet med oversikta
Ei av utfordringane med arbeidet har vore «å stola på» statistikken. Tal og statistikk gjev oss ein objektiv kunnskap som me blant anna kan bruka til å måla oss oppmot fylket, landet og andre kommunar. I og med små forhold i Austevoll kan noko av statistikken gje store utslag. Likevel er statistikken eit viktig verktøy og grunnlag for vidare arbeid – den peikar på kva me bør undersøkja nærare. Prosessen rundt folkehelserapporten har vore svært nyttig i seg sjølv, då det også kjem fram område kor me manglar datagrunnlag.

Folkehelserapporten er gjeldande fire år fram i tid. Det variera frå når statistikkane er henta ut, då nokon er henta frå 2018, nokon frå 2019 og der data var tilgjengeleg frå 2020. Årsaka til dette er at statistikkinnsamlinga vart gjennomført i løpet av 2019 og våren 2020 og nokre av tala for 2019 og 2020 var difor ikkje klar. Tala frå dei offentlege statistikkbankane vert lagt ut kontinuerleg, men ikkje alle tabellane er oppdatert. Det har ikkje vore høve til å oppdatera statistikken i denne folkehelseoversikten parallelt med dei offentlege statistikkbankane.

HOVUDFUNN

Heilt overordna er det godt og trygt å bu i Austevoll, og det er ikkje store skilnadar mellom Austevoll og landet elles på dei fleste områda. I tabellen under kan ein sjå kort oppsummert dei viktigaste utviklingstrekka for Austevoll kommune.

Positivt i Austevoll:

- Austevoll er ein vekstkommune. Me har hatt ei jamn befolkningsvekst og kan forvente vekst
- Me har færre einslege
- Sjukefråværsprosenten har gått ned
- Mange eig eigen bustad
- Innbyggjarane i Austevoll har generelt sett i høg inntekt
- Personar med låginntekt og barn i låginntektsfamiliar har gått ned
- Me har god kvalitet på drikkevatnet
- Vaksinasjonsdekninga i Austevoll er høg
- Ungdommane i Austevoll er stort sett nøgd med lokalmiljøet og føler seg trygge
- Det er lite trafikkulukker i Austevoll
- Det er låg kriminalitet i Austevoll
- Det er færre som røyker under svangerskapet
- Generelt sett skil ikkje helsetilstanden seg mykje frå resten av landet

Bekymringsfullt i Austevoll

- Fødselsoverskotet har gått ned
- Austevoll har ei aldrande befolkning. Det har blitt færre yrkesaktive per pensjonist og vi kan forvente tilsvarande utvikling
- Me kjem dårleg ut på lesing på lågaste nivå og ligg skårar dårleg på lesing på nasjonale prøver
- Det vært prosentvis færre i yrkesaktivalder i framtida
- Personar per hushald har gått ned
- Inntektsulikheita i Austevoll har auka
- Det er langt færre tilrettelagte kommunale sykkelvegar til samanlikning med tilsvarande kommunar
- Austevoll ligg høgt når det kjem til overvekt – både høg fødselsvekt, overvekt ved 3. klasse, ved sesjon og hos gravide kvinner

1 BEFOLKNINGSSAMANSETNING

For å kunne kartlegge helsetilstand og fremmande og hemmande faktorar for helsa i befolkninga, må me først veta noko om kven innbyggarane våre er - korleis samansetnaden er, sett opp mot alder, kjønn, etnisitet og utdanningsnivå, kan spele inn på i kva grad noko kan sjåast som ein styrkande faktor, ein risikofaktor, eller ikkje. Samansetnaden av befolkninga styrer planlegginga og prioritering for kommunen, og omsyn til helse må takast med i denne planlegginga (Statistikk i vest, 2019).

			Befolkningssamansetnad
Befolkningssamansetnad indikator 2019	Status	Utvikling	Kommentar
Innbyggjartal	5212	Har auka	
Kvinner	49%	Stabilt	(Likt)
Menn	51%	Stabilt	(Likt)
Befolkning under 60 år	77 %	Har minka	
Befolkning over 60 år	23 %	Har auka	
Befolkning 0-14 år	21,7 %	Stabilt	(Fleire)
Befolkning 15-24 år	12,1 %	Har minka	
Befolkning 25-44 år	26,0 %	Har auka	
Befolkning 45-64 år	23,0 %	Har minka	
Befolkning 65-74 år	9,9 %	Har auka	
Befolkning 75-79 år	2,9 %	Stabilt	(Fleire)
Befolkning 80-89 år	3,3 %	Har minka	
Befolkning 90 år+	1,0 %	Stabilt	(Fleire)
Fødselsoverskot	16	Har minka	(variera)
Yrkesaktiv alder	62 %	Har minka	
Yrkesaktive per pensjonist	2,73	Har minka	
Befolkning under 60 år	76,8 %	Har minka	
Befolkning over 60 år	18,9 %	Har auka	
Befolkning over 80 år	4,3 %	Har minka	
Utalandske statsborgarar (antal)	595	Har auka	
Innvandring (antal)	552	Har auka	
Skilte og separerte	7,6 %	Stabilt	(Fleire)
Eineforsørgjarar	10,9 %	Har minka	
Einslege 80 år +	68,2 %	Har minka	(Variera)
VGS eller høgare utdanning	75,2 %	Har auka	

Framskriven befolkning (tal frå 2039)			
Befolkningsvekst	6156	Vil auka	
0-14 år	19,2 %	Vil minka	
15-24 år	12,4 %	Stabilt	
25-44 år	24,4 %	Vil minka	
45-64 år	24,0 %	Vil auka	
65-74 år	9,4 %	Stabilt	(Ferre)
75-79 år	3,7 %	Vil auka	(Variera)
80-89 år	5,6 %	Vil auka	
90 år+	2,4 %	Vil auka	(Variera)
Yrkesaktive per pensjonist	2,49	Vil minka	
Befolkning under 60 år	74,8 %	Vil minka	
Befolkning over 60 år	18,1 %	Stabilt	(Ferre)
Befolkning over 80 år	7,0 %	Vil auka	

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Per 2019 er innbyggjartalet i Austevoll 5212. Framskriven befolkning er venta å auke fram mot 2039 til 6156 innbyggjarar. Det er samla sett forventa at det vil vera færre innbyggjarar under 60 og innbyggjarar over 60 vil ligga førehaldsvis stabilt. Innbyggjarar over 80 år er forventa å stiga frå 4,3 % til 7 %. Dette samanfattar med utviklinga i yrkesaktive per pensjonist som vil gå frå 2,73 til 2,49. Dette betyr at det kan blir utfordringar for kommunen å ha tilstrekkeleg med ressursar innan helse og omsorg.

I Austevoll har me ei stor gruppe arbeidsinnvandrarar som hovudsakeleg kjem frå Aust-Europa, og innvandringa har auka dei siste åra. Arbeidsinnvandring vil vera ein av forutsetningane for at Austevoll skal sikra høg befolkningsvekst. Kommunen har lite informasjon om denne befolkningsgruppe då dei ikkje må innom nokon form for integreringsprogram som eksempelvis flyktningane må.

Einslege over 80 år har minka dei siste åra. Ein kan samstundes forvente at dette vil auke i perioden fram mot 2039 då denne befolkningsgruppa også vil auke. Dette legg føringar for korleis eksempelvis bustadpolitikken i kommunen bør utformast, då fleire einslege aukar behovet mindre bustadar som har ein utforming som skapar rom for sosialt samvær.

Del skilte og separerte har auka dei siste åra, men me ligg lågare enn gjennomsnittet for Hordaland. Samstundes har talet på eineforsørgjarar minka, kor Austevoll også ligg lågare enn landsgjennomsnittet. Grunnen til dette er det vanskeleg å seie noko om, men ein mogleg årsak er at folk generelt sett får færre barn. Fødselsoverskotet har med varierande tendensar gått ned, kor status i 2019 er eit overskot på 16 innbyggjarar. Til samanlikning var overskotet i 2016 på 51.

Personar som har fullført vidaregåande skulle eller høgare utdanning har auka frå 74,4 % i 2016 til 75,2 % i 2018. Det er fleire i Austevoll som fullførar vidaregåande skule og fagskule enn gjennomsnittet for Hordaland og landet, samstundes er det fleire som tar høgare utdanning i Hordaland og på landsbasis enn det innbyggjarane i Austevoll gjer. Årsaka til dette kan vere at Austevoll ikkje har institusjonar for høgare utdanning.

I Austevoll er det fleire menn som fullførar vidaregåande skule og fagskule, men det er fleire kvinner som tar ein høgare utdanning ved høgskule eller universitet. Dette er ikkje ein typisk tendens for Austevoll då kvinner generelt sett på landsbasis vel yrker som krev høgare utdanning og menn anten går rett i jobb etter vidaregåande skule eller vel eit yrke som «berre» krev fagbrev.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 30.12.2019)



	Menn 1999	Kvinner 1999	Menn 2009	Kvinner 2009	Menn 2019	Kvinner 2019
0-14	11,8 %	11,9 %	11,2 %	10,1 %	10,9 %	10,8 %
15-24	8,1 %	7,0 %	7,5 %	7,6 %	6,7 %	5,5 %
25-44	13,6 %	12,7 %	12,6 %	11,9 %	13,3 %	12,7 %
45-64	10,5 %	9,1 %	13,4 %	11,1 %	12,2 %	10,9 %
65-74	3,4 %	3,9 %	3,4 %	3,5 %	5,3 %	4,6 %
75-79	1,5 %	2,3 %	1,3 %	1,5 %	1,5 %	1,4 %
80-89	1,4 %	2,2 %	1,6 %	2,7 %	1,3 %	2,1 %
90+	0,1 %	0,4 %	0,2 %	0,5 %	0,3 %	0,7 %

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 30.12.2019)



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (sist sett 14.04.2020)



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (sist sett 14.04.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)

INNVANDRING



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 11.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 11.02.2020)



	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Menn	77	135	193	223	248	285	287	286	275	281
Kvinner	80	127	178	194	206	222	240	259	272	271
Samla	157	262	371	417	454	507	527	545	547	552

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 11.02.2020)

SIVILSTAND OG FAMILIESAMANSETNING



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)

UTDANNING



Kjelde: SSB tabell 09429 (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: SSB tabell 09429 (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: SSB tabell 09429 (sist sett 12.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)



	2019	2029	2039
0-14 år	21,7 %	20,4 %	19,2 %
15-24 år	12,1 %	12,7 %	12,4 %
25-44 år	26,0 %	25,2 %	24,4 %
45-64 år	23,0 %	23,0 %	24,0 %
65-74 år	9,9 %	9,4 %	9,4 %
75-79 år	2,9 %	3,8 %	3,7 %
80-89 år	3,3 %	4,5 %	5,6 %
90 år+	1,0 %	0,9 %	1,4 %

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)



	2019	2029	2039
Kvinner	2677	2825	2987
Menn	2533	2883	3169
Totalt folketal	5212	5708	6156

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 18.02.2020)

2 OPPVEKST OG LEVEKÅRSFORHALD

Gode oppvekst- og levekårsforhald speler ein viktig rolle for dei yngste innbyggjaranes vidare utvikling, både i eit helseperspektiv og eit læringsperspektiv. Eit godt barnehage og skuletilbod legg viktige grunnlag i denne samanheng. Alle elevar har krav på ein trygg skulekvardag og ingen elevar skal føle seg utrygg på skulen. Diverre er mellom anna mobbing ein viktig og stor utfordring mange skuler og kommunar må handtere. Arbeidet mot mobbing eller andre former for diskriminering kan i mange tilfelle vere vanskeleg. Derfor har kommunen eit viktig ansvar med å kartlegge omfanget av slike tilfelle, samt legge til rette for førebyggande arbeid og iverksetting av andre tiltak, der slike problem har oppstått (Helsedirektoratet, 2017).

BARNEHAGE

Skulearenaen får større og større betydning for barn si helse, trivsel og læring utover i tenåra. Barnehagen og skulen sitt miljø kan vera både ein ressurs og ein risikofaktor for barn sin livskvalitet. Trivsel er viktig for både læringsresultat i løpet av skulegangen og for framtidige levekår og helse.

Barnehagen og skulen bør ha eit miljø som gjev oppleving av utfalding, meistring og deltaking. Barnehagar av høg kvalitet vert kjenneteikna av at dei har små barnegrupper, tilstrekkeleg, godt utdanna og personleg eigna, stabilt personell som har lett tilgang til rettleiing frå kommunepsykolog eller anna særskilt psykisk helsepersonell. Det som kjenneteiknar eit godt miljø i ein barnehage vil med stor sannsynlegheit også kjenneteikna eit godt miljø i skulen (Helsedirektoratet, 2017).

			Barnehage
Barnehageindikator	Status	Utvikling	Kommentar
Barn i barnehage 0-5 år	93 %	Har auka	
Barn i barnehage 1-2 år	89 %	Har auka	(Variera)
Barn i barnehage 3-5 år	97 %	Har auka	(Stabilt)
Minoritetsspråklege barn barnehage	15 %	Har minka	
Leike og opphaldsareal per barn (m2)	6,4 m2	Har minka	
Barnehagelærarar med utdanning	79 %	Stabilt	(Frå 2016)
Barn per årsverk	5,8	Stabilt	
Barn med ekstra ressursar	15,5	Stabilt	(Har auka)

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

I Austevoll har vi berre private barnehagar. Tal på private barnehagar i kommunen har gått ned frå 8 til 6 frå august 2019. Det totale barnetalet i Austevoll er på veg ned frå ein topp i 2018 med 381 barn til 370 barn per 15/12-19. Talet er no på 94,1 % av barna innan aldersgruppa som går i barnehage.

Tal barn 1-2 år er redusert med 18 barn i same periode og talet ligg no på 87,6 %. Dette kan ha noko med kontantstønadsordninga å gjere, at ein har råd til å vera heime eller at barna blir vurdert som for små til å gå i barnehagen. Vi vurdera det slik at dette ikkje er av nokon stor betydning for utviklinga til barna, men at det er viktigare å ha eit høgt deltakingstal i aldersgruppa 3-5 år.
Tal barn 3-5 år har auka med 14 barn. Talet ligg no på 97,6 % av barna i kommunen. Barnehagen er ein viktig arena for førebyggjande innsats.

Tal minoritetsspråklege barn i barnehage er på veg ned. Er redusert frå 49-41 barn. Det kjem ikkje fram av statistikken om årsaka til dette er grunna at det er færre minoritetsspråklege barn i kommunen eller om minoritetsspråklege familiar vel i større grad enn før å halde barna sine heime. Minoritetsspråklege barn krev fleire ressursar av kommunen, samstundes som det er barnehagen er ein viktig arena for språkstimulering og integrering.

Tal på leike- og opphaldsareal er gått ned. Årsak kan vere at vi har redusert tal barnehagar. Per 2019 ligg det på 5,85 m2 per barn som er godt over norm per barn (4 m2). Med ei forventa nedgang i barnetal i Austevoll kan ein også forventa at Det vil verta meir areal tilgjengeleg, forutsett at ingen av barnehagane vel å legga ned.

Det er mange av barnehagelærar med utdanning. Per 2019 hadde 84,8 % av pedagogiske leiarar godkjent utdanning. Tal vil truleg auka i 2020 då fleire som har dispensasjon frå utdanningskravet er ferdig utdanna i vår.

Tal barn per årsverk er redusert til 5,6 barn og ligg framleis under nasjonal norm som er 6 barn per årsverk.
Tal barn med ekstra ressursar har ei svak auke per 2018. Sjølv om ekstra ressursar er kostnadskrevjande, er det positivt med tanke på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)





Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)
*Manglar tal for 2017 og 2018



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)

GRUNNSKULE

God helse er viktig for barn si utvikling og evne til meistring og læring. Skulen er viktig for å bygge gode levevaner i tidleg alder.

Skulen er også ein viktig arena for å etablera sosiale relasjonar. Alle elvar i grunnskulen har rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Elevane si evne til å lære heng tett saman med eit skulemiljø som er helsefremjande og trivselsfremjande (Helsedirektoratet, 2017).

			Grunnskule
Grunnskuleindikator	Status	Utvikling	Kommentar
Leseferdigheit 5. trinn	31,8 %	Har auka	
Leseferdigheit 8. trinn	10,3 %	Har minka	
Nasjonale prøver engelsk 5. trinn	50	Har minka	(Variera)
Nasjonale prøver lesing 5. trinn	51	Har auka	(Variera)
Nasjonale prøver rekning 5. trinn	54	Har auka	(Variera)
Nasjonale prøver engelsk 8. trinn	50	Har auka	
Nasjonale prøver lesing 8. trinn	48	Variera	
Nasjonale prøver rekning 8. trinn	52	Stabilt	(Variera)
Nasjonale prøver lesing 9. trinn	53	Har auka	
Nasjonale prøver rekning 9. trinn	56	Har auka	(Variera)
Grunnskulepoeng	39,8	Har minka	(Variera)
Grunnskulepoeng gutar	36,3	Stabilt	(Variera)
Grunnskulepoeng jenter	46	Har auka	
Trivsel i skulen 7. trinn	87 %	Har minka	(Variera)
Trivsel i skulen 10. trinn	82 %	Har minka	
Mobbing	8 %	Høgare	(samanlikning)
Opplever støtte og motivasjon jenter	3,8		
Opplever støtte og motivasjon gutar	3,4		
Driftsutgifter grunnskulesektor	26,6 %	Stabilt	(Variera)
Driftsutgifter skulefritid tilbod per pers	321 kr	Har auka	
Lærar med pedagogisk utdanning	75,1 %	Har minka	
Barn i SFO	28,6 %	Har minka	
Barn som får skuleskyss	63,1 %	Har auka	

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Resultata frå nasjonale prøvar (og andre pålagte prøvar) er nasjonale kvalitetsindikatorar på korleis det ser ut i Austevoll kommune. Uavhengig av gode eller dårlege resultat er dei ein konsekvens av samspelet mellom elev, foreldre, skulen (leiar, lærarar, fagarbeidarar og fagorganisasjonar), skuleeigar, førstelinjetenest og andrelinjetenesta. Små kommunar og små skular er sårbare for enkeltprestasjonar. Ein elev som presterar svært godt eller svært dårleg påverkar gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn ein stor skule. Ein må difor vere varsam når ein samanliknar gjennomsnittsresultat basert på få elevar. Det same gjeld for den årlege elevundersøkinga som bidrar i skulane sitt arbeid for å kartlegga læringsmiljøet.

I Austevoll har vi to barneskular, ein ungdomsskule og ein privat Montessoriskule for 1-7. klasse.
Korleis er status for Austevoll?

I perioden 2015- 2017 ligg Austevoll høgare enn både landsgjennomsnittet og snittet for fylke på leseferdigheit på lågaste nivå for 5. trinn. Det har vore ein gradvis auke frå perioden 2012-2014. Leseferdigheit på lågaste nivå for 8. trinn har variert frå periode til periode kor Austevoll generelt sett har lagt høgare enn både landsgjennomsnittet og snittet for fylke. Austevoll ligg no (perioden 2015/2017) på nivå med snittet for fylke. Det er ei klar målsetting at færrast mogleg av elevane skal ligga på lågaste meistringsnivå.

Resultata frå nasjonale prøver varierer frå år til år for Austevoll. I perioden 2018-2019 ligg Austevoll høgare enn landsgjennomsnittet og snittet for fylke på rekning både på 5., 8. og 9. trinn. For engelsk skårar Austevoll likt med landet på 5.- og 8. trinn. På lesing ligg Austevoll høgare enn landsgjennomsnittet og snittet for fylke på 5. trinn, men ligg lågare på 8.- og 9. trinn.

I utviklinga for grunnskulepoeng ligg Austevoll generelt sett lågare enn landsgjennomsnittet og snittet for fylket, og for perioden 2017-2018 har Austevoll 39,8 i grunnskulepoeng kor fylket har 42,3 poeng og landet har 41,8 poeng. Jenter har generelt sett høgare grunnskulepoeng enn gutar på landsbasis. I perioden 2017-2018 ligg gutane i Austevoll 3,8 poeng under snittet for fylket, mens jentene i Austevoll ligg 1,9 poeng over. Det er altså 9,7 poeng i skilnad mellom gutar og jenter i Austevoll i denne perioden. Utfordinga med dette betyr at ungdom frå Austevoll stiller med ein dårlegare «inngangsbillett» til vidaregåande opplæring.

I Austevoll er det 87 % som rapporterer at dei trivst i skulen i 7. klasse, kor 82 % rapporterer det same i 10. klasse. Det kan vere mange årsaker til dette, men ei forklaring kan vere ei høgare oppleving av press på ulike område. Tal frå ungdataundersøkinga blir lagt fram i kapittel 3, som kan sei meir om årsaksforhold. Generelt sett har elevane i Austevoll ei lågare oppleving av trivsel i skulen enn landsgjennomsnittet og snittet for fylket, samstundes gjer elevane i ungdataundersøkinga utrykk for at dei generelt sett trivst på skulen.

Det er også fleire i Austevoll som opplever mobbing på skulen enn landsgjennomsnittet og snittet for fylket. I tillegg ligg Austevoll generelt sett lågare på faktorar som går på støtte og motivasjon i skulen, bortsett frå støtte frå lærarane kor Austevoll ligg høgare. Det er vanskeleg å seie noko om årsaka til dette, då det er store variasjonar frå årskull til årskull. Denne undersøkinga er også frivillig for elvane å svare på, noko som gjer at ein ikkje kan sikre høg nok svarprosent som igjen kan gje store variasjonar i statistikken.

Austevoll brukar generelt sett meir i netto driftsutgifter enn landsgjennomsnittet og KOSTRA-gruppe 3, men har generelt sett færre driftsutgifter på skulefritidstilbod. Det kjem ikkje fram av statistikkane om kvifor Austevoll brukar meir på skule enn gjennomsnittet. Det har blitt gjennomført mangelfull og til dels feilaktig rapportering på KOSTRA for kultur, og ein kan difor ikkje seie noko om kvifor Austevoll brukar mindre på skulefritidstilbod enn gjennomsnittet.

I Austevoll er det fleire av dei tilsette som har pedagogisk utdanning enn landsgjennomsnittet og snittet for KOSTRA-gruppe 3, kor Austevoll ligg på 83,1 % i 2018.

Det er færre av barna i Austevoll som nyttar seg av SFO til samanlikning med landsgjennomsnittet og snittet for KOSTRA-gruppe 3, og det er fleire barn som får skuleskyss i kommunen. Strukturendring i skulesektoren er ein årsak til dette då avstanden frå heim til skule har blitt lengre for mange barn. Samstundes er nokre av vegane i kommune ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar og det vil vera farleg for elevane å gå og sykla der. Det er eit mål om at flest mogleg barn går eller syklar til skulen for å sikre kvardagsaktivitet.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)





Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)
*2017-2018. Parameter 1-5.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)
*2017-2018. Parameter 1-5.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)
*2017-2018. Parameter 1-5.



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)
*I prosent av samla driftsutgifter.



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 02.01.2020)

VIDAREGÅANDE SKULE

Unges fråfall frå vidaregåande opplæring utgjer ein stor folkehelseutfordring, fordi tilknyting til skule og arbeidsliv er sentralt for unge si helse og livskvalitet. Blant elevar er det nokre grupper som generelt sett har høgare risiko for ikkje å gjennomføra vidaregåande opplæring. Dette er elever med svake grunnskulekarakterar, elever med lavt utdanna foreldre, gutar, minoritetsspråklege elevar med manglande norskkunnskap og yrkesfagelevar med dårlege grunnferdigheiter.

Det er sosiale ulikheitar mellom dei som gjennomføra og dei som ikkje gjennomføra vidaregåande opplæring. Nesten 30 prosent skil i sjansen for å gjennomføra vidaregåande utdanning mellom barn av foreldre med lengst utdanning og barn foreldre med kort utdanning (Vestland folkehelseoversikt, 2019-2023).

			Vidaregåande skule
VGS indikator	Status	Utvikling	Kommentar
Fråfall	12 %		
Fråfall etter nivå – grunnskule	44 %	Stabilt	Hordaland
Fråfall etter nivå – vidaregåande	24 %	Stabilt	Hordaland
Fråfall etter nivå – universitet	13 %	Stabilt	Hordaland

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Austevoll kan visa til lågare fråfall i vidaregåande skule enn landsgjennomsnittet kor Austevoll hadde eit fråfall i perioden 2015-2017 på 12 %, mens landsgjennomsnittet låg på 21 % i same perioden.

Spesifikke orsakar til kvifor elevar ved Austevoll vidaregåande skule ikkje fullførar kan ikkje gjengjevast i denne rapporten då det kan gå på kostnad av personvern. Samstundes er tal for Hordaland presenter då mange av ungdommane i Austevoll reiser ut av kommunen for å ta høgare utdanning.

I Austevoll har vi ein vidaregåande skule kor ein studera naturbruk, teknikk og industriell produksjon, helse- og oppvekstfag og studiespesialiserande. Helse- og oppvekstfag og studiespesialiserande er berre på VG1-nivå i Austevoll og etter dette må då ungdommane ut av kommunen for å fullføra utdanninga. Mangle vel å reisa til Stord, Norheimsund eller Bergen for å gjere dette.

Fråfall i vidaregåande skule heng i stor grad saman med utdanningsnivået til foreldra. Jo lågare utdanning foreldra har jo større er risikoen for fråfall i vidaregåande skule. Både på landsbasis og gjennomsnittet for Hordaland kan vi sjå denne tendensen og det er ikkje store forskjellar frå år til år.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)

*Fråfall i vidaregåande skule etter foreldra sitt høgaste fullførte utdanningsnivå.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 02.01.2020)

*Fråfall i vidaregåande skule etter foreldra sitt høgaste fullførte utdanningsnivå.

BARNEVERN

I Noreg er omsorg for og oppdraging foreldra sin rett og plikt. Det er i fyste rekke foreldra sitt ansvar, men dei kan likevel ha behov for hjelp til ta vare på dette ansvaret i korte eller lengre periodar. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Barnevernsbarn fullførar i mindre grad høgare utdanning og blir i større grad mottakarar av helserelaterte ytingar seinare i livet enn side jamgamle utan same erfaring. Å ha gode tenester som fylgjer opp sårbare barn er difor ein investering i den enkelte og samfunnet som heilheit (kjelde: Bufdir, 2019).

			Barnevern
Barnevern indikator	Status	Utvikling	Kommentar
Barn med melding 0-17 år	4,5 %	Har auka	
Barn med undersøking 0-17 år	4,5 %	Har auka	
Barn med tiltak 0-22 år	2,4 %	Har auka	(Stabilt)
Handsamingstid innan 3 mnd	76 %	Variera	(Fleire)
Driftsutgifter kr – tiltak/undersøking	60	Stabilt	(i 1000)
Driftsutgifter kr – ikkje plasserte barn	60	Har auka	(i 1000)
Driftsutgifter kr – plasserte barn	274	Har minka	(i 1000)

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Barn med melding, barn med undersøking og barn med tiltak har auka i perioden 2015 til 2018. Samstundes ligg Austevoll lågare enn gjennomsnittet for landet og KOSTRA-gruppe 3.

Det kan vere fleire årsaker til dette:

- Barnevernet og andre institusjonar i Austevoll kommune har blitt betre på å fange opp dei barna som treng hjelp
- Kommunen vore meir aktiv på informasjonsarbeid ut i instansane (skule, barnehage, m.m.)
- Det er generelt sett fleire barn enn før som treng hjelp både i Austevoll og landet elles
- Få tal i meldingar kan gje store utslag for kommunen

Driftsutgifter for plasserte- og ikkje-plasserte barn har også auka i denne perioden. Dette kan sjåast i samanheng med auka tal av barn med undersøking og melding. Driftsutgifter for barn med tiltak ligg stabilt.

Det er vanskeleg å gje ein nøyaktig indikasjon på kvifor det er endringar i Austevoll, og vi veit at det er store mørketal både i Austevoll og på landsbasis. Samstundes har kommunen lagt inn ein større innsats for å nå ut dei forskjellege instansane i kommunen med blant anna informasjonsarbeid, for i større grad kunne fange opp dei som treng det. Kommunen har også auka bemanninga i barnevernet.



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: SSB KOSTRA (sist sett 03.01.2020)

ARBEID

Ein sentral dimensjon i forholdet mellom arbeid og helse, handlar om korleis helsa vert påverka av å vera i arbeid i forhold til å ikkje vera i arbeid.

- Deltaking i arbeid generera ressursar og kvalitetar som er med på å fremma helsa og trivsel.
- Den ikkje-yrkesaktive delen av befolkninga har gjennomgåande dårlegare helse enn dei som er yrkesaktive. Dette har forsterka seg dei seinare åra.
- Nedsett helse er en viktig årsak til at ein fell ut av arbeidslivet, men sosiale forskjellar blant dei som støytast ut – målt som forskjellar i utdanningsnivå og/eller etter bransje – tyder på at helse åleine ikkje kan forklara utstøtingsmekanismane i arbeidsmarknaden.
- På individnivå er det påvist ein forverra helsetilstand som ein direkte følgje av tap av arbeid, til dømes ved nedbemanning og permittering. Særleg ser tap av arbeid ut til å påverka den psykiske helsa negativt – blant anna i form av depressive plagar.

Ein anna sentral dimensjon handlar om arbeidsmiljø og graden av eksponering for risikofaktorar i arbeidsmiljøet. Dette er ein dimensjon som ikkje er lausriven frå den førige; eit helseskadeleg arbeidsmiljø kan føra til sjukdom og utstøyting.
Personar med god økonomi og høgare utdanningsnivå har færre psykiske plagar og rapportera høgare tilfredsheit med livet, betre meistring, vitalitet og sosial støtte. Levekårfaktorar som låg inntekt, arbeidsledigheit og langtidssjukemelding aukar risiko for isolasjon og psykiske plagar.

			Arbeid
Arbeid indikator	**Status**	**Utvikling**	**Kommentar**
Arbeidssektor menn	Primærnæring		Oppsummert
Arbeidssektor kvinner	Helse og sosial		Oppsummert
Arbeidsplass etter sektor			
- Statleg forvaltning	2445	Stabilt	(Har auka)
- Kommunal forvaltning	328	Har auka	
- Fylkeskommunal forvaltning	39	Har minka	
- Privat sektor og offentlege føretak	56	Stabilt	
Sysselsette menn	40,4 %	Stabilt	(Har minka)
Sysselsette kvinner	33,4 %	Stabilt	(Har minka)
Sysselsette innvandrarar gruppe 1	76,1 %	Stabilt	
Sysselsette innvandrarar gruppe 2	59,3 %	Har minka	

Sysselsette med bustad i Austevoll			
15-19 år	46,8 %	Har minka	(Variera)
20-24 år	78, %	Har minka	(Variera)
25-39 år	88,2 %	Variera	
40-54 år	85,3 %	Har minka	(Variera)
55-66 år	73,8 %	Har minka	
67-74 år	28,2 %	Har auka	(Variera)
Sysselsette med arbeidsstad i Austevoll			
15-19 år	178	Variera	
20-24 år	246	Har auka	(Variera)
25-39 år	992	Har auka	
40-54 år	845	Har auka	
55-66 år	507	Har auka	
67-74 år	100	Har auka	
Pendlar frå Austevoll til arbeid	284	Stabilt	
Pendlar til Austevoll til arbeid	457	Stabilt	

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

I fylgje SSB har Austevoll per 2020 totalt 830 verksemder registrert i kommunen. Befolkninga i Austevoll jobbar i mange forskjellige sektorar, men det er store forskjellar på kva for yrke menn og kvinner jobbar i. Menn jobbar hovudsakeleg innan primærnæring, transport og industri, mens kvinner jobbar hovudsakeleg innan helse og omsorg, undervisning og varehandel. Det er fleire som jobbar innanfor dei forskjellige sektorane i 2018 enn i 2008. Dette kan sjåast i samanheng med at befolkningstalet har auka i denne perioden.

Det er flest menn som er i arbeid i Austevoll, og utviklinga av sysselsette menn og kvinner ligg stabilt. Kvinner vel oftare å arbeide i reduserte stillingar, og blir oftare tilsett i reduserte stillingar. I tillegg er uføregraden høgare hos kvinner enn hos menn.

Det er flest sysselsette innvandrarar i gruppe innvandringsgruppe 1. (personar frå EU, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Dette kan sjåast i samanheng med at det er ei stor gruppe innvandrarar frå Aust-Europa som kjem for å arbeide i Austevoll.

Generelt sett har del sysselsette personar i yrkesaktiv alder som har bustad i Austevoll gått ned, bortsett frå aldersgruppa 25-39 år. Dette kan skuldast at denne aldersgruppa er kan vere tilflyttarar og at dei som har studert utafor Austevoll kjem tilbake. Konsekvensen av at det blir færre personar i yrkesaktiv alder er at det generer færre skatteinntekter til kommunen som kommunen treng til den aldrande befolkninga. Samstundes er det ei auke i aldersgruppa 67-74 år. Dette kan vere ein indikator på auka helse blant yngre eldre, og at samfunnet legg til rette for det.

Del sysselsette med arbeidsstad i Austevoll har auka i alle aldersgrupper. Denne gruppa inkluderer både dei som er busett i Austevoll og dei som pendlar inn til Austevoll for arbeid. Årsaka til dette er både på grunn av generell befolkningsvekst i kommunen, men også grunna som nemnt innleiingsvis mange arbeidsplassar i kommunen.

Det er fleire som pendlar inn til kommunen for å gå på jobb enn ut, og tala på pendlarar har lagt stabilt dei siste åra. Nærleiken Austevoll har til blant anna Bergen, Stord og Fitjar gjev Austevollingane moglegheit til å jobbe innanfor det dei vil, samstundes som arbeidsmarknaden i Austevoll er attraktiv for folk utanfor.



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 03.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 03.01.2020)



	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
15-19	53,1	43,1	48,5	53,0	44,5	48,8	54,4	46,3	49,5	45,8	46,8
20-24	82,9	89,6	86,9	78,0	78,4	72,8	74,4	74,8	67,6	66,9	78,7
25-39	88,5	96,7	89,7	91,8	89,3	91,0	86,8	83,1	84,5	85,5	88,2
40-54	88,6	87,9	88,2	88,5	87,8	89,4	84,6	87,5	85,0	86,4	85,3
55-66	76,4	80,2	74,0	75,5	76,4	76,6	76,8	72,1	73,9	72,2	73,8
67-74	19,4	30,0	32,0	28,2	29,8	29,0	33,0	24,2	21,7	23,7	28,2

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 27.02.2020)



	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
15-19	182	162	165	192	186	188	191	163	153	148	178
20-24	200	252	253	262	277	258	272	230	228	214	246
25-39	743	800	802	854	959	986	1002	946	955	1012	992
40-54	763	765	790	826	843	891	894	853	838	870	845
55-66	426	478	480	492	513	520	534	510	513	494	507
67-74	51	71	71	70	80	82	101	78	89	92	100

Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 27.02.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 08.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 08.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 08.01.2020)

SJUKEFRÅVÆR

Personar med god økonomi og høgare utdanningsnivå har færre psykiske plagar og rapportera høgare tilfredsheit med livet, betre meistring, vitalitet og sosial støtte. Levekårsfaktorar som låg inntekt, arbeidsledigheit og langtidssjukemelding aukar risikoen for isolasjon og psykiske plagar (Helsedirektoratet, 2017).

			Sjukefråvær
Sjukefråværsprosent	4,7 %	Har minka	
Arbeidstakarar med sjukefråvær	459	Har auka	Variera
Legemeldt sjukefråvær menn	3,5 %	Variera	
Legemeldt sjukefråvær kvinner	5,4 %	Variera	(Har minka)
Uføretrygd menn 18-44 år	2,7 %	Stabilt	
Uføretrygd menn 45-66 år	8,8 %	Har minka	
Uføretrygd kvinner 18-44 år	2,7 %	Stabilt	(Har auka)
Uføretrygd kvinner 45-66 år	17,4 %	Har minka	
Varig uføretrygd menn	5,7 %	Stabilt	(Har minka)
Varig uføretrygd kvinner	9,5 %	Stabilt	(Har auka)

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Sjukefråværsprosenten har minka i Austevoll, samstundes er det no fleire arbeidstakarar med sjukefråvær. Årsaka til dette kan vere at det er fleire arbeidstakarar no enn før, eller at folk i større grad er korttidssjukemeldt framfor langtidssjukemeldt. Austevoll har lågare sjukemeldingsgrad samanlikna med landsgjennomsnittet og snittet for Bergen og KOSTRA-gruppe 3.

Det er i størst grad kvinner som blir sjukemeldt og dette gjeld også for uføretrygd, men kvinner i Austevoll er i mindre grad sjukemeldt og uføretrygda enn landsgjennomsnittet. Det er stor forskjell i uføretrygd mellom aldersgruppene 18-44 år og 45-66 år kor det er flest uføretrygda i den eldste aldersgruppa.

Det er vanskeleg å trekka ein konklusjon på kvifor forholda er som dei er i Austevoll. Sjukefråvær kan vera ein blanding av faktiske helseutfordringar, privat trivsel og trivsel/belastning på arbeidsplassen. Høgt fråvær kan auke belastninga på dei som er på jobb.

Å vere uføretrygda har fleire negative ringverknadar i samband med inntekt, sosiale arenaer og meistringsfølelse. Overordna sett ser det ut til at Austevoll har hatt ei positiv utvikling samanlikna med landsgjennomsnittet.



Kjelde: SSB 08323 (sist sett 08.01.2020)
*Grafen synar samanslåtte kvartal.



Kjelde: SSB 08323 (sist sett 08.01.2020)
*Grafen synar samanslåtte kvartal.



Kjelde: SSB 08323 (sist sett 08.01.2020)



Kjelde: SSB 08323 (sist sett 08.01.2020)
*Prosentmedian av kvartal



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 08.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 08.01.2020)



Kjelde: SSB 11715 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 11715 (sist sett 09.01.2020)

BUSTAD

Det å ha tilgjenge til ein trygg og stor nok bustad av god standard er ein grunnleggjande føresetnad for eit godt liv.

Ein trygg og stabil busituasjon skapar auka trivsel og velvære. Fråvær av støy og forureining og tilgang til rekreasjonsområde har positive helseeffektar. Det same gjelder godt inneklima og tilstrekkeleg med plass.

Bumiljø med ein opphoping av personar som tilhøyrar lågare sosioøkonomiske grupper, med nedslite bebyggelse, dårleg tilgang til rekreasjonsområder og høg førekomst av kriminalitet og vald påverkar både den fysiske og mentale helsa negativt (Helsedirektoratet, 2017).

			Bustad
Bustad indikator	Status	Utvikling	Kommentar
Eiger bustad	83 %	Stabilt	(Har minka)
Leiger bustad	17 %	Stabilt	(Har auka)
Bur trongt	7,6 %	Variera	
Busette i tettstad	41 %	Har auka	
Personar per hushald	2,52	Har minka	
Årsgebyr avfallstenesta kr	2002	Har minka	
Årsgebyr avløpstenesta kr	3712	Stabilt	
Årsgebyr septiktømming kr	574	Stabilt	
Årsgebyr vatnforsyning kr	4510	Stabilt	
Årsgebyr feie og tilsyn kr	546	Stabilt	
Kommunalt disponerte bustadar	69	Stabilt	
Kvadratmeterpris for einebustadar kr	15604	Har minka	
Einingar etter bustadtype			
Einebustad	2094	Har auka	
Tomannsbustad	59	Har auka	
Rekkehus	114	Har auka	
Bustadblokk	98	Har auka	
Bygning for bufellesskap	45	Stabilt	(Færre)
Andre bygningstyper	40	Har auka	

Kva betyr dette for Austevoll kommune? (vurdering av årsak og konsekvens)

Det er ei overvekt av personar som eig eigen bustad i Austevoll, som er positivt då det å eige bustad er i god investering. Kvadratmeterprisen er lågare i Austevoll er for landsgjennomsnittet og snittet for Hordaland noko som gjer at dei fleste kan kjøpe seg ein bustad.

Det få som bur trongt i Austevoll. Dette kan kanskje sjåast i samanheng med at Austevoll har ein lav del innbyggjarar med vedvarande låginntekt som blir skildra seinare i kapittelet. Å bu trong er særleg vanleg for personar med vedvarande låginntekt. Samstundes kan vi sjå ein tendens til fortetting i Austevoll. Dette er i tråd med satsinga til kommunen då det er meir samfunnsøkonomisk grunna høgare arealutnytting resuserar transportbehov og gjer ei auka moglegheit til å utvikla eksisterande og nye tilbod.

Personar per hushald har minka dei siste åra, og ein kan forventa at det vil minka meir. Årsaka til dette er ein mogleg kombinasjon av at fok får færre barn og ei aldrande befolkning, noko som betyr at fleire vil bu åleine. Konsekvensen av dette er at risikoen for einsemd aukar, og kommunen bør difor ha fokus på ei meir sosial bustadpolitikk i tida framover.



Kjelde: SSB 11084 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 11084 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 11046 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: Statistikk i vest (sist sett 06.01.2020)



Kjelde: SSB 09747 (sist sett 27.02.2020)



Kjelde: SSB 11509 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 12492 (sist sett 10.01.2020)



Kjelde: SSB 12492 (sist sett 10.01.2020)



Kjelde: SSB 12008 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 12008 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 12012 (sist sett 09.01.2020)



Kjelde: SSB 12012 (sist sett 09.01.2020)

- Det er ingen som mottar kommunal bustønad i Austevoll i 2018 (SSB tabell 12013)
- Det er ingen nye bustadar godkjent for finansiering av Husbanken i 2018 (SSB tabell 12197)
- Det er 2 brukte bustadar godkjent av for finansiering av Husbanken i 2018 (SSB tabell 12197)
- 28 husstandar er tilkjent statleg bustønad frå Husbanken i 2018 (SSB tabell 12197)
- Beløp per månad per hustand i statleg bustønad frå Husbanken i 2018 er kr 1956 (SSB tabell 12197)



Kjelde: SSB 06035 (sist sett 09.01.2020)



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Einebustad	1961	1975	2001	2024	2042	2075	2094
Tomannsbustad	36	40	39	49	53	59	59
Rekkehus	43	63	80	98	102	102	114
Bustadblokk	22	56	56	56	68	68	98
Bygning for bufellesskap	44	42	42	42	42	42	42
Andre bygningstyper	29	25	33	33	37	34	40

